

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** 31.08.2021  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

---

Møtet vert gjennomført digitalt som eit teamsmøte på grunn av koronasituasjonen.

Noralv Distad møter som vara for Gunn Åmdal Mongstad.  
Sigbjørn Hauge møter som vara for Bjørg Djukastein.

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97567934 eller e-post:  
[joval@statsforvalteren.no](mailto:joval@statsforvalteren.no).



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 49/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 50/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 51/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker Status på <ul style="list-style-type: none"><li>- arbeidsplan 2021</li><li>- økonomi 2021</li><li>- skjøtselsarbeid</li><li>- skiltarbeid</li></ul>		
RS 11/21	Kopi - svar på spørsmål om retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder		2021/1569
ST 52/21	Delegerte saker		
DS 11/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging til tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD		2021/7494
DS 12/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - Motorferdsel - frakte drivstoff - flaumsikringstiltak - Aurland kommune		2021/9277
DS 13/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - grisehus og gjerde - Ottar og Irene Stegen		2021/9262
DS 14/21	Delegert vedtak - utviding av bygg - Snauasete - utedo på stølen		2021/6496
DS 15/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - sikringstiltak i Minesvingen		2021/9984
DS 16/21	Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete		2021/5890
DS 17/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Undredal til Vassete - transport av materiale		2021/11448
DS 18/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - rydding av vegmurar - motorferdsel - Statens Vegvesen		2021/11793
DS 19/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fjellheimen - Motorferdsel - lågtflyging i høve		2021/9931

	kalvetelling av villrein - NINA	
DS 20/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - motorferdsel - helikopter - restaurering av låni - Bjørn Vike	2020/3927
DS 21/21	Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - drenering av vatn - Ottar Stegen	2020/3927
ST 53/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - etablering av navigasjonsinnretningar - Nærøyfjorden - Kystverket	2021/7958
ST 54/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen	2021/8184
ST 55/21	Uttale - høyring - restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden	2019/9259
ST 56/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - flaumsikring - Aurland kommune	2021/6325
ST 57/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad	2020/15428

**ST 49/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 50/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

**ST 51/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

**RS 11/21 Kopi - svar på spørsmål om retningslinjer for private gaver og bidrag til forvaltningen av verneområder**

**ST 52/21 Delegerte saker**

**DS 11/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopterflyging til tilsyn med grindanlegg og tiltak mot CWD**

**DS 12/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - Motorferdsel - frakte drivstoff - flaumsikringstiltak - Aurland kommune**

**DS 13/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - grisehus og gjerde - Ottar og Irene Stegen**

**DS 14/21 Delegert vedtak - utviding av bygg - Snauasete - utedo på stølen**

**DS 15/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - sikringstiltak i Minesvingen**

**DS 16/21 Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete**

**DS 17/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Undredal til Vassete - transport av materiale**

**DS 18/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - rydding av vegmurar - motorferdsel - Statens Vegvesen**

**DS 19/21 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Fjellheimen - Motorferdsel - lågtflyging i høve kalvetelling av villrein - NINA**

**DS 20/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - motorferdsel - helikopter - restaurering av låni - Bjørn Vike**

**DS 21/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Øvste Stegen - drenering av vatn - Ottar Stegen**



Arkivsaksnr: 2021/7958-0  
Sakshandsamar: Jorunn Vallestad  
Dato: 02.08.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	53/21	31.08.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - etablering av navigasjonsinnretningar - Nærøyfjorden - Kystverket

### Innstilling frå forvaltar

Kystverket får løyve til å etablere fem navigasjonsinnretningar i Nærøyfjorden. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, § 3 punkt 1.3 bokstav j.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Navigasjonsinnretningane skal plasserast som vist på kartet i figur 1, og etter koordinatane oppgitt i tabell 1.
- Navigasjonsinnretningane skal utformast og plasserast slik at dei er minst mogleg dominerande i landskapet.
- Lanternene skal skjermast, slik at lyset ikkje blir synleg på land bak sjøve konstruksjonen, men berre i nødvendige sektorar i fjorden.
- Anleggsarbeidet skal gjennomførast frå båt med borerigg og kran for å løfte utstyret på plass.
- Dei gamle navigasjonsinnretningane i sjø skal fjernast frå området.
- Anleggsperioden skal gjerast så kort som mogleg for minst mogleg påverknad på naturmangfald i og langs fjorden.
- Om mogleg skal anleggsperioden leggest utanom hekketid for sjøfugl.

### Saksopplysningar

Kystverket søker om løyve til å etablere fem navigasjonsinnretningar i Nærøyfjorden. Tiltaket inneber riving og re-etablering av to navigasjonsinnretningar i sjø, samt nyetablering



## Nærøyfjorden verneområdestyre

av tre navigasjonsinnretningar langs strandkanten. Formålet med tiltaket er å auke sikkerheita og framkome for sjøtransporten i Nærøyfjorden. Kystverket planlegg ut frå at tiltaket blir gjennomført i 2022-2023.

Tabell 1. Oversikt over planlagde merketiltak i Nærøyfjorden. Koordinat er oppgjeve i EUREF89 UTM 32 N.

Namn	Plassering	Tiltak	Underbygnad	Nord	Øst
Skalmenes	Strandsona	Nyetablering	Jernstang	6758836	388741
Styvisundet	Strandsona	Nyetablering	Jernstang	6758624	388075
Breiskredneset	Strandsona	Nyetablering	Jernstang	6757327	385174
Bakkasundet	Sjø	Riving og re-etablering	Betongfundament	6755303	384758
Borgagrunden	Sjø	Riving og re-etablering	Betongfundament	6755040	384592




Figur 1: Kart som viser plassering av navigasjonsinnretningane.

### I søknaden skriv Kystverket fylgjande:

Navigasjonsinnretningane er planlagd etablert som hurtigbåtmerker med indirekte belysning (HIB) av typen *Dirigens Lux*. Hurtigbåtmerka er tilpassa nær-navigasjon og gjev primært ein yttermarkering av seglingskorridoren ved natt- og dagesglas. Bakanforliggende område er å rekne som ureint farvatn.

Sjølve navigasjonsinnretningane har ei kompakt, stilrein og funksjonell utforming bygd i komposittmateriale som er tilnærma vedlikehaldsfritt. Den kjegleforma botnen har lengde 131 cm, breidde 136 cm og høgde 205 cm når den ikkje er montert på stang eller underbygnad. Lanterna på toppen av konstruksjonen har LED-teknologi med integrert strømforsyning i form av batteri og solcellepanel. Lanterna har fotosensor og gjev eit klart og reint rødt, grønt eller kvitt lys på kvelds- og nattetid. Kjegla er også svakt opplyst av eit LED-lys på 0,9 watt. Den gulfarga indirekte belysninga bidrar til betre avstandsbedømming for dei sjøfarande.





Figur 2: Dirigens Lux på dagtid og nattestid.

For navigasjonsinnretningane som er planlagd etablert på land vil underbygningen vere ei enkel jernstang med 140 mm diameter som vert bora og gysa fast i fjell. Vanleg lyshøgde på navigasjonsinnretningar er 4 til 8,5 meter og dei vert tilpassa terrenget. Det er forventa at etablering av tre navigasjonsinnretningar på land vil ta om lag ei veke.

Kystverket ønsker å gjennomføre prosjektet som ein totalentreprise. Dette inneber at entreprenøren som vinn anbudet også skal dimensjonere og teikne. I anbudet vil vi vektlegge at det som er synleg over vasslinja skal vere minst mogleg dominerande. Dette kan vere noko utfordrande med omsyn til at konstruksjonane kan bli utsett for store krefter frå is. Grunntilhøve vil også kunne påverke utforminga. Ut frå Kystverket sine erfaringar er det mest sannsynleg at installasjonane vert utforma som ein monopel eller ein trebeining (figur 3). Vi legg til grunn at etablering av to navigasjonsinnretningar i sjø vil ta opp mot to månadar.



Figur 3: To moglege utformingar av navigasjonsinnretningane i sjø.



Hensikta med etablering av navigasjonsinnretningane er å auke sikkerheita og framkome for skipstrafikken i Nærøfjorden. Innretningane er med på å førebygge ulykker, og dermed bidra til å redusere sannsynet for ulykker med alvorlege personskader, materielle skader, oljeutslepp og skader på miljøet. Dette er i tråd med det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken og Kystverket sine hovudmål. Innretningane på land vert vurdert til å vere tiltak av mindre omfang med eit mindre arealinngrep. Av omsyn til miljølaster og grunntilhøve vil det vere behov for noko kraftigare underbygnad for dei to navigasjonsinnretningane som er planlagd etablert i sjø. Kystverket vil i tilbodsprosessen vektlegge at den delen av konstruksjonen som er synleg over vann skal vere minst mogleg dominerande med omsyn til naturlandskapet.

### I eit brev med supplerande informasjon om behovet for kvar enkelt installasjon i Nærøfjorden, skriv kystverket fylgjande:

Nærøfjorden er ein relativ smal fjord med fleire grunne områder, kursendingar og steder med relativt sterk straum. I tillegg kan dei høge fjellsidene skape landskygge og tidvis tap av GPS-signal. Alle desse faktorane er med på styrke behovet for navigasjonsinnretningar for å auke sikkerheita.

Navigasjonsinnretninga på **Salthelleneset** vil vere eit naturleg referansepunkt å stevne mot når ein segler inn Nærøfjorden. Ved å ha navigasjonsinnretninga midt i baugen er ein sikker på at ein har fri seglas, samtidig som ein har moglegheit for å justere kursen sin med navigasjonsinnretninga som referanse. Når ein nærmar seg gjev plasseringa ein tydelig markering av knekkpunktet inn mot Styvisundet, som ein er nøydd til å ha på styrbord side før fjorden snevrar seg inn. Navigasjonsinnretninga vil på denne plasseringa dermed vere ein god referanse heilt frå innløpet til Nærøfjorden og til kursforandringa inn Styvisundet.

Når ein har passert Salthelleneset vil ein kunne sjå navigasjonsinnretninga på **Breiskredneset** som saman med den eksisterande navigasjonsinnretninga på Stolsgrunna marker seglingskorridoren og trygg seglas mellom land og grunnene på sørsida av fjorden. Ved å etablere ei navigasjonsinnretning på Breiskredneset vil ein ha god kontroll på avstand til både land og ureint farvatn i den smale passeringa.

Re-etableringa av navigasjonsinnretningane i **Bakkasundet** og på **Borgagrunnen** skal hindre grunnstøyting på desse grunne områda. Markeringane er viktige fordi det er trangt og behov for fleire kursendingar i området.

Plasseringa på **Skalmenes** vil primært vere viktig på utsegling. Plasseringa vil vere synleg før ein passerer Styvisundet og gjev ein referanse å stevne mot. Når ein kjem nærmare vil også navigasjonsinnretninga på Salthelleneset komme til syne. Desse to navigasjonsinnretningane vil gje god informasjon om kva tid det er trygt å endre kurs. Skalmenes er også eit knekkpunkt som det er viktig å ha ei god markering på.

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Kystverket, datert 20.05.2021



Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 - 2008

## **Lovgrunnlaget**

Formålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, m.a. oppføring av anlegg og faste innretningar, sprenging, masseuttak, utfylling, planering, lausbryting og fjerning av stein og mineral. I følgje § 3, punkt 1.3 bokstav j, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til nyetablering av kystverket sine anlegg.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Det er stor båttrafikk på Nærøfjorden, og for sikkerheita for dei som ferdast på sjøen er det viktig med gode navigasjonsinnretningar. Nyetablering av slike anlegg er også noko som verneforskrifta opnar opp for å gje løyve til. Dei to anlegga som er planlagt i sjø vil erstatte dagens navigasjonsinnretningar, medan dei tre på land vil vere nye tiltak.

Av trua artar er det i fjorden registrert brisling og fiskemåke (begge NT). På land er det i nærleiken av dei planlagde installasjonane registrert alm og ask, hagtornsommarfugl og mørk rutevinge. Det er ikkje sannsynleg at nokon av desse vil ta skade av bygginga av navigasjonsinnretningane i området. I tillegg til fiskemåke hekkar det mellom anna strandsnipe og tjeld langs fjorden. Av omsyn til fuglelivet er det ein fordel om anleggsarbeidet ikkje blir gjennomført i hekketida. Av sjøpattedyr er det mellom anna nise og steinkobbe i fjorden. Desse kan tenkast å bli negativt påverka dersom anleggsperioden blir lang, med auka båttrafikk og støy. Ikkje så langt frå plasseringa på Skalmenes er det ein SEFRAK-registrert bygning, men navigasjonsinnretningen vil ikkje komme i direkte konflikt med denne.

Dei fysiske inngrepa knytt til stengene på land vil vere relativt små, der det er snakk om å bore eit hol i fjellet og gyse fast 14 cm tjukke jernstenger. Sjølve inngrepet er ikkje venta å ha negative innverknadar på naturmiljøet. Navigasjonsinnretningane i sjø vil medføre ein del større fysiske inngrep for at dei skal stå trygt, men ettersom vernet ikkje gjeld under



havoverflata er det berre verknaden av dei delane av innretningane som er over vatn som vil bli vurdert her.


Utsjånadsmessig vil navigasjonsinnretningane både i fjorden og på land utgjere eit inngrep i landskapet. Poenget med desse lyktene er nettopp at dei skal vere synlege for dei som ferdast på fjorden. Ettersom dei to navigasjonsinnretningane i fjorden vil erstatte to eksisterande innretningar, vil ikkje endringa der vere så stor, men dei tre stengene på land vil utgjere nye inngrep i landskapet. Stengene med navigasjonsinnretningane kan bli opp mot 8 meter høge, og sjølve trekanten på toppen vil vere nesten halvannen meter brei og to meter høg. Når det er mørkt vil det vere blinkande lys i toppen. Langs den smale fjorden med få andre moderne inngrep vil dette vere godt synlege inngrep i landskapet. På spørsmål frå verneområdeforvaltar om det er mogleg å bruke færre og/eller mindre navigasjonsinnretningar enn desse svarar Kystverket:

*Det finnes konstruksjonar som har ein mindre trekant, men desse er tilpassa mindre sund i områder der storleiken på skipa er mindre enn i Nærøfjorden. Vi vurderer difor ikkje desse som eit godt alternativ. Sjølve lanterna, stengene og høgda er likevel av same dimensjon, så det er ikkje så mykje som skil desse frå kvarandre i landskapsbilete. Alle fem navigasjonsinnretningane fyller viktige funksjonar, og vi ser ikkje moglegheit for å redusere på talet installasjonar utan at det går utover sikkerheita.*

På spørsmål om behovet for lys, og korleis lysutforminga vil vere på navigasjonsinnretningane skriv kystverket fylgjande:

*Navigasjonsinnretningane som er planlagd etablert på land vil ha størst nytte på nattseglasar og i seglasar med dårleg sikt. Navigasjonsinnretningane som er planlagd i sjø fungerer godt som dagmerker utan lys, men er avhengig av lys for å fylle sin funksjon på nattetid. Det er difor ikkje eit alternativ å etablere navigasjonsinnretningane utan lys. Navigasjonsinnretningane har som nemnt fotocelle og vil berre lyse frå skumringen og i mørke. Den indirekte belysninga vil då lyse heile tida, mens sjølve lanterna som lyser rødt eller grønt, kan programmerast til ulike lyskarakterar.*

*Lyskarakterane er ikkje ferdig prosjektert, men det er tatt utgangspunkt i ein ISO 2 karakter på Salthelleneset og Skalmenes. Dette inneber at lanterna lyser i eit sekund etterfylgt av eit sekund utan lys. Ved Breiskredneset har vi tatt utgangspunkt i blinkande lys kvart tredje sekund. Sjølve lyset vil då vere på i 0,3 sekund etterfylgt av 2,7 sekunder med mørke. Lenger inn, ved Bakkasundet og Borgagrunnen er planen å ha hurtigblink. Dette inneber et kort blink kvart sekund, med varighet på 0,2 sekund etterfylgt av 0,8 sekund med mørke. Hensikta med lyskarakterar er å kunne kjenne igjen navigasjonsinnretninga og skilje dei frå kvarandre. Dette må tilpassast kvar enkelt område, og det er viktig at intervalla med mørke ikkje blir for lange i tronge passasjer med fleire kursendingar. Vi tar gjerne i mot innspel på korleis de vurderer blinkande lys mot faste lys med tanke på lysforureining, slik at vi kan tilpasse oss dette på best mogleg måte. For å redusere lysforureininga kan vi skjerme lanternene, slik lyset ikkje blir synleg på land bak sjølve konstruksjonen, men berre i nødvendige sektorer i fjorden.*



Figur 4: Skisse som viser områder som kan skjermast mot lysforureining.

På bakgrunn av svara frå kystverket vurderer forvaltar at inngrepa må vurderast som akseptable i landskapet, i og med at god merking er viktig for sikkerheita både for folk som ferdast på fjorden og for naturen som kan ta skade ved eventuelle ulykker.

Etter at navigasjonsinnretningane er satt opp er påverknaden på naturmangfaldet forventa å vere liten. Den største negative påverknaden er forventa å vere knytt til lysforureining. Eksempelvis kan åtferdsmønsteret til fugl, fisk og insekt bli påverka av lys. Lyssetting i den mørke årstida kan ha negativ verknad for nokon artar, mellom anna ved at dei blir meir utsette for predasjon. I og med at det er snakk om små lyskjelder og ikkje opplysing av eit større område, vil påverkinga sannsynlegvis ikkje bli veldig stor. Lysforureining kan også redusere opplevinga av naturen for folk i området, men med lysskjerming på land og lys som slår seg på når det er mørkt er ikkje dette forventa å vere eit stort problem. Folk er vant til å sjå slike navigasjonsinnretningar andre stadar langs kysten og fjordane, og dei fleste vil forstå at dette er eit nødvendig sikringstiltak.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje tillagt vekt i saka. Navigasjonsinnretningane som er valt å sette opp er godt grunngjeve og synes å vere eit fornuftig val, og metoden og lokaliseringa blir vurdert å vere miljøforsvarleg, jf. nml § 12.

Den samla belastninga på området med tanke på båttrafikk og aktivitet er allereie høg, og den mellombelse auken i aktivitet som dette inngrepet vil føre med seg er ikkje venta å auke den samla belastninga vesentleg, jf. nml. § 10. Navigasjonsinnretningane, når dei er satt



opp, vil auke den samla belastninga når det kjem til landskapspåverknad og lysforureining. Dette er likevel vurdert å vere akseptabelt sidan det er sikkerheitsomsyn som ligg bak. På sikt vil tiltaket kunne vere med å halde den samla belastninga nede ved å redusere faren for ulykker som vil kunne skade miljøet. Det er liten sjanse for at tiltaket vil skape presedens for framtidige saker om lyssetting i fjorden, då løyvet er gitt av sikkerheitsomsyn.

Tiltakshavar skal bera kostnadane med å hindre skade på naturmiljøet medan arbeidet pågår, jf. naturmangfaldlova § 11.

### **Konklusjon**

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar at fordelane med tiltaket veg opp for ulempene det vil medføre. Det er viktig å sørge for god sikkerheit for dei som ferdast på fjorden. I denne saka blir dette omsynet vurdert å vege tyngre enn dei negative påverknadane ved inngrepet. Inngrepa i landskapet er ikkje vurdert å vere så store at dei vil vere i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2021/8184-0  
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes  
Dato: 18.08.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøfjorden verneområdestyre	54/21	31.08.2021

## Nærøfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøfjorden verneområdestyre støttar Aurland kommune si handtering av saka med krav om retting av den delen av deponiet på Langhuso som ligg innanfor Nærøfjorden landskapsvernområde.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Spørsmål om tiltak – deponi ved Gudvangatunnelen, Aurland kommune 26.05.2021
- Svar på spørsmål om tiltak – deponi ved Gudvangatunnelen, Statens vegvesen 17.08.2021
- Førehandsvarsel om pålegg av retting og ilegging av tvangsmulkt, Aurland kommune 18.08.2021

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008

Aurland kommune fekk ei uromelding om utviding av deponiet av tunnelmassar på Langhuso ovanfor tunnelinnslaget til Gudvangatunnelen. Det vart gjennomført ei synfaring i området 06.05.21 der verneområdeforvaltar var med på synfaringa. Oppsummering av saka – kopi frå saksdokument i Aurland kommune 18.08.2021:

*Aurland kommune var på synfaring i området den 06.05.2021, og registrert at massedeponiet var utvida. Enkelte av massane er og mogleg forureina med måling, betong, mm. Den 21.05.2021 var det sendt ut brev kor kommunen etterspurde ei utgreiing om tiltaket. Aurland kommune har motteke skriftleg tilbakemelding frå Statens vegvesen. Statens vegvesen innrømmer at det skulle vore søkt om utviding av massedeponiet og gjev uttrykk for at dei ønskjer å finne løysingar. Undredal sameigelar har opplyst at det var inngått skriftleg avtale mellom dei og Statens*



vegvesen. Melcon AS opplyser korleis arbeidet no vert gjennomført, når dei tek ut masser og korleis avfall som kjem fram vert sortert.

Deponiet ligg i eit område avsett til LNF. Det står vidare i kommuneplanens føresegn punkt 5 at «nye anlegg for råstoffutvinning og massedeponi, eller vesentleg utviding av eksisterande tiltak kan ikkje finne stad før området inngår i ein reguleringsplan jf. PBL § 20-4. 2. ledd bokstav a». Aurland kommune kan ikkje sjå at det føreligg nokon reguleringsplan for området, og bilete under syner at område har blitt vesentleg utvida:

Flyfoto syner ei utviding av aktivitet i området i perioden 2014-2019.



Flyfoto frå 2014 og 2019. Kopi frå brev frå Aurland kommune






**Deponerte massar på fyllinga ved Gudvangatunnelen. Kopi av bilde i brev frå Aurland kommune**

Aurland kommune har sendt brev til Statens vegvesen med førehandsvarsel om pålegg om retting i medhald av pbl. § 32-2 fyrste ledd, og førehandsvarsel om tvangsmulkt i medhald av pbl. § 32-5 dersom dei ulovlege forholda ikkje er retta opp innan 15.09.2021. Dei ulovlege forholda som er påpeika er utviding av massedeponi utan søknad og i strid med føresegn og arealføremål, og i strid med verneforskrifta for Nærøfjorden landskapsvernområde. Aurland kommune opplyser at det må søkjast om utviding av massedeponiet. Den delen av deponiet som ligg i Nærøfjorden landskapsvernområde skal fjernast. Statens vegvesen har fått frist til 10.09.2021 til å uttale seg i saka.

Den delen av tiltaket som ligg innanfor Nærøfjorden landskapsvernområde må i tillegg behandlast av Nærøfjorden verneområdestyre.



Kartutsnitt som viser vernegrensa (grøn strek) som går gjennom massedepoiet ved Gudvangtunnelen

## Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. «Dette er til dømes ...utfylling, planering og lagring av masse...» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. a).

«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig» jf. naturmangfaldlova § 48.

Tiltak som er utført i strid med verneforskrifta og utan dispensasjon frå verneforskrifta, er eit ulovleg tiltak. Ulovlege tiltak skal fylgjast opp av verneområdestyret jf. vedtektene til styret. I naturmangfaldlova kapittel IX er det reglar for korleis ulovlege tiltak kan fylgjast opp.



## Vurdering

På Langhuso ved Gudvangatunnelen var det etablert eit massedeponi i samband med bygging av Gudvangatunnelen på 1980-talet. Dette deponiet var etablert før området vart verna som Nærøfjorden landskapsvernområde. Vernegrensa vart lagt utanom tunnelmunning og deponiet i dette området. Flyfoto viser at deponiet er utvida og ein del av deponiet er no innanfor landskapsvernområdet.

Før eit tiltak vert sett i gang, har tiltakshavar plikt til å henta inn informasjon om området og ha naudsynte dispensasjonar for å gjennomføra tiltaket. I dette tilfellet har ikkje tiltakshavar gjennomført naudsynte undersøkingar på førehand.

Verneområdeforvaltar var med på ei synfaring i området i 2019 i samband med vurdering av potensielle stader for massedeponi i Nærøydalen og Undredal. På denne synfaringa var me berre på den gamle delen av deponiet, og ikkje på det utvida området. På denne synfaringa burde vi ha kontrollert heile området, og slik fått informasjon om tiltaket på eit tidlegare tidspunkt. Vernegrensa er ikkje merkt i terrenget, og det er vanskeleg å oppdaga kvar grensa går når det vert arbeidd i området.

I verneforskrifta for Nærøfjorden landskapsvernområde er det ikkje opning for å gje dispensasjon til lagring av masse. Lagring av masse er difor i strid med verneforskrifta og er eit ulovleg tiltak. Verneområdestyret har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere korleis eit ulovleg tiltak skal fylgjast opp. I naturmangfaldlova har forvaltninga fleire reglar som skal vurderast ved brot på verneforskrifta. Desse reglane er retting og avbøtande tiltak, direkte gjennomføring og tvangsmulkt jf. §§ 69-73. Verneområdestyret skal i tillegg vurdere om eit ulovleg tiltak skal meldast til politiet.

Aurland kommune har sendt brev til Statens vegvesen med reaksjon på tiltaket med deponi ved Gudvangatunnelen før verneområdestyret har vurdert saka. Forvaltar meiner kommunen har gjort ei god saksutgreiing, og rår verneområdestyret til å støtte Aurland kommune si handtering av saka med krav om retting av den delen av deponiet på Langhuso som ligg innanfor Nærøfjorden landskapsvernområde. Dersom tiltaket ikkje vert retta, bør styret koma tilbake til saka og vurdere korleis den skal fylgjast opp.

Statens vegvesen kan søkja Nærøfjorden verneområdestyre om dispensasjon til å få behalda etablert massedeponi. Verneområdestyret må i så fall vurdere om det er heimel i naturmangfaldlova § 48 til å gje dispensasjon til tiltaket. Deponiet ved Langhuso har berre funksjon som eit massedeponi, og vil ikkje auka verneverdiane i området, og det vil ikkje ha noko form for nytteverdi for vernet, og er i strid med føremålet om å ta vare på landskapet (geologien) i Nærøfjorden landskapsvernområde. Det er stor trong for massedeponi for lagring av oppreinska ras- og skredmassar langs E16 gjennom Nærøydalen og Undredal. Eit løyve til deponi i dette området vil kunne skapa presedens for tilsvarande saker, og vil kunne få stor verknad på landskapet og verneverdiane. Etter ein foreløpig vurdering meiner forvaltar at tiltaket vil vera i strid med verneforskrifta, og at det difor ikkje vil vera heimel i naturmangfaldlova § 48 for å vurdere dispensasjon frå verneforskrifta.



Arkivsaksnr: 2019/9259-0  
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes  
Dato: 09.08.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	55/21	31.08.2021

## Uttale - høyring - restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden

### Innstilling frå forvaltar

Vurdering i saka vert sendt som Nærøyfjorden verneområdestyre sin uttale til restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Høyring – Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden 2021-2026
- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Revidering av restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden er sendt til Nærøyfjorden verneområdestyre til uttale. Planen er utarbeid av Vestland fylkeskommune i tett samarbeid med verneområdeforvaltar i Nærøyfjorden, kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss, og Nærøyfjorden Verdsarvpark.

#### Målsetninga med restaureringsplanen:

*«...legge til rette for at dei verneverdige kulturminna i verneområda og verdsarvområdet vert tatt godt vare på i eit langsiktig perspektiv, og i tråd med føringane i stortingsmelding. Den skal bidra til at forvaltninga tek gode avgjersler vedrørande kva kulturminne i verdsarvområdet som må prioriterast i forhold til råd, rettleiing og tilskot.*

*Målet med planen er at den skal famne eit breitt spekter av kulturminna i verdsarvområdet. Av den grunn har ein i samband med rulleringa lagt eit ekstra fokus på ulike kulturminne og*



*kulturmiljø i verdsarvområdet som vi meiner er viktige å setje istand. Dette, saman med oversikta over bygningar i den opphavlege planen, gjev oss ei heilskapleg oversikt over kulturminna i verdsarvområdet som har behov for å bli sett i stand.*

*Restaureringsplanen skal primært vere eit arbeidsdokument for den offentlege forvaltninga i verdsarvkommunane, fylkeskommunen og verneområdeforvaltninga. I tillegg skal den vere til støtte for eigarane av kulturminna og ulike interesseorganisasjonar som arbeider for å ta vare på kulturminna i verdsarvområdet.*

*Vidare er det eit mål at restaureringsplanen skal vere eit verktøy og inspirasjon for eigarane av kulturminne i verdsarvområdet til å setje istand og ta i bruk kulturminna sine. Planen skal òg gje kort informasjon om korleis eigar kan gå fram når ein ynskjer å setje istand eit kulturminne.*

*Eit siste mål med planen er at den skal vere ei støtte til eigarar som søker om tilskot til istandsetjing av sine kulturminne. Både frå Vestland fylkeskommune og andre tilskotsytarar som til dømes Norsk kulturminnefond».*

Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden var ferdigstilt i 2014. Planen er ei konkretisering av forvaltningsplanen sine målsetjingar om kulturminna i verneområda og verdsarvområdet. Planen omhandlar berre kulturminne som er innanfor verdsarvområdet. Denne fyrste utgåva av restaureringsplanen gav ei oppdatert statusoversikt over dei verneverdige bygningane i verdsarvområdet. I tillegg har planen ei prioritering av kva bygningar som har trong for istandsetting i framtida.

I plandokumentet frå 2014 står det at planen skal reviderast kvart femte år. Arbeidet med revideringa vart starta opp i 2018 av Sogn og Fjordane fylkeskommune. I denne reviderte utgåve av restaureringsplanen er hovudvekta lagt på andre kulturminne enn bygningar, og omhandlar berre nyare tids kulturminne (frå tida etter 1536). Desse kulturminna er mellom anna gamle ferdselsveggar, steinmurar og heilskapelege kulturmiljø. Planen skal vera eit arbeidsdokument for å setja i stand kulturminne i verdsarvområdet på best mogleg måte, og omhandlar berre kulturminne som har trong for ei eller anna form for istandsetting. Ei fylgje av dette er at ein del av dei verneverdige kulturminna i verdsarvområdet ikkje er omtala i planen. Oversikt og informasjon om kulturminna finst på kulturminnebasen Askeladden, Kulturminnesøk og i dei kommunale kulturminneplanane.

Mange av kulturmiljøa/landskapa som er med i denne planen er dokumentert gjennom eigne skjøtselsplanar. I fleire av skjøtselsplanane er det framlegg til tiltak på kulturminna. Restaureringsplanen viser til skjøtselsplanar der det føreligg.

Restaureringsplanen har eit eige vedlegg med ein restaureringsrettleiar. Rettleiaren skal gje gode råd om istandsetting til eigarane av kulturminne.

Vestland fylkeskommune har sendt utkast til restaureringsplan for vedtaksbehandling til verdsarvkommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss, og til Nærøfjorden verneområdestyre.



## **Vurdering**

Restaureringsplanen er eit viktig vedlegg til forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden. Dokumentet gjev føringar for korleis kulturminna i området skal takast vare på, og har ei liste med prioritering av kulturminne. Nærøyfjorden verneområdestyre vil ta omsyn til prioriteringa og råd i dokumenta i forvaltninga av området, og i behandling av søknader til verneområdestyret. Verneområdeforvaltar har delteke i prosessen med revidering av restaureringsplanen, og har lagt spesielt vekt på reglane i verneforskrifta for istandsetting av kulturminna i verneområdet. Tiltaka i planutkastet er i tråd med reglane i verneforskrifta.

Prioriteringsliste over kulturminne i planen er sett opp med den kunnskapen som var tilgjengeleg når planen vart skriven, og kan ha manglar. Det bør gjerast endringar i prioriteringa om det kjem fram ny kunnskap om kulturminna. Kulturminne som ikkje er tatt med i denne planen, bør likevel kunne vurderast for tiltak dersom det har stor verdi i verdsarvområdet. I behandling av slike enkeltsaker bør det leggjast vekt på om kulturminnet er ein del av eit heilskapleg kulturmiljø.



Arkivsaksnr: 2021/6325-0  
Sakshandsamar: Jorunn Vallestad  
Dato: 23.08.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	56/21	31.08.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hallinggrovi - flaumsikring - Aurland kommune

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gir Aurland kommune løyve til flaumsikring av Hallinggrovi i Nærøydalen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, § 3, punkt 1.3 g) og naturmangfaldlova § 48.

Løyve er gjeve med fylgjande vilkår:


- Det kan byggast ein ledevoll på inntil 5 meter høgde frå elvebotnen og 120 meter lengde.
- Ledevollen skal plasserast som vist på kart i figur 3.
- Ledevollen skal utformast som ei «ordna røys», slik at den skil seg minst mogleg ut frå landskapet rundt.
- Det kan gravast nytt definert elveløp (senkingsområde) med plastring av botnen langs ledevollen og noko vidare nedover Hallinggrovi sitt vanlege bekkeløp.
- Omfanget av arbeidet med graving og masseflytting skal avgrensast til det som er naudsynt for flaumsikring.
- Det kan brukast gravemaskin for å utføre arbeidet. Køyring skal skje langs trase avmerkt på figur 4, og slik at den er mest mogleg skånsam for naturmiljøet, og set minst mogleg spor i terrenget.
- Tiltakshavar skal gjera naudsynte tiltak for å unngå lekkasje av olje og drivstoff frå maskiner som vert nytta til arbeid i elvefaret.
- Gravinga i elveløpet skal utførast slik at minst mogleg finmasse blir virvla opp og ført med elveløpet ned til Nærøydalselvi.
- Arbeidet skal i utgangspunktet gjennomførast hausten 2021. Dersom det ikkje blir fullført i haust kan det slutførast i 2022.
- Det skal sendast rapport med bildedokumentasjon straks arbeidet er gjennomført.

Det må søkast om eige løyve til helikoptertransport av drivstoff når behovet for dette er avklart.




## Saksopplysningar

Hallinggrovi er ei sideelv til Nærøydalselvi. Den kjem ned på sørsida av Nærøydalen, rett vest for busetnaden på Skjerpi. Det vart i 2010 bygd ein ledevoll for å sikre busetnaden på Skjerpi mot flaumskred. Eit større flaumskred i 2020 førte til at Hallinggrovi endra løp, slik at ledevollen ikkje lenger fangar opp alt vatnet i flaumperiodar (figur 1). I periodar med mykje nedbør blir det no overfløyming i og ved busetnaden på Skjerpi.



**Figur 1.** Ledevoll bygd etter skredhending i Hallinggrovi i 2010 for å sikre busetnaden på Skjerpi mot flaumskred (blå pil). Raude piler angir vanlegaste overløp av skredmassar frå Hallinggrovi. Etter flaumskredet i 2020 følgjer vatn frå Hallinggrovi pila lengst aust.





Figur 2. Hallinggrovi (rød pil) har tatt et nytt løp (oransje stiptet linje) som ikkje blir fanga opp av den gamle vollen (gul stipla linje).

Aurland kommune fekk 27.04.21 løyve til mellombels flaumsikringstiltak for å redusere faren for skade på bygningar under vårflaumen i år. Kommunen søker no om eit større arbeid med flaumsikring av elva i overkant av det nye elveløpet. Det skal nyttast same tilkomstveg som vart brukt under arbeidet med mellombels flaumsikring i vår.

Etter flaumskredet i 2020 utarbeida NGI ein rapport som vurdert alternative løysingar for å redusere faren for flaum og flaumskred mot busetnaden på Skjerpi i Aurland kommune.

NGI vurderte følgjande alternativ:

- *Tilbakeføring av vann i Hallinggrovi til opprinnelige løp for å redusere tilførsel av vann inn i grunnvannsmagasinet ved bebyggelsen.*
- *Graving av grøfter rundt bebyggelsen for å senke grunnvannstanden nede i det bebygde området.*
- *Rensk av løsmasser i det gamle bekkeløpet i Hallinggrovi ved nye flomskred. Forsterke terskler i bekkeløpet som reduserer massestrømmen ned til bruene ved E16 og gårdsveien.*

Det vart konkludert med at den beste måten å forhindre oversvømming på er å føre vatnet i Hallinggrovi tilbake til sitt opphavlege løp. For å klare dette må det gravast ut massar frå eksisterande elveløp og legge dei opp i ein ledevoll på austsida av løpet.




NGI har vidare utarbeida eit teknisk notat med prinsippsskisse for sikringsvoll. Der blir tiltaket skissert slik:

*Dette sikringstiltaket er dermed todelt; bygging av ledevoll og graving/plastring av nytt elveløp for Hallinggrovi.*

*- Ledevollen har til hensikt å lede vann og masser langs det opprinnelige elveløpet for Hallinggrovi ved utløpet av Hallinggjelet, slik at det ikke går i retning mot bebyggelse på Skjerpi. Ledevollen fortsetter så langt at massene har fått retning langs det opprinnelige elveløpet.*

*- Graving av nytt definert elveløp (senkningsområde) med plastring av bunnen forutsetter at det utføres fra start ledevoll øverst, men fortsetter også vidare etter ende ledevoll og noe ned i Hallinggrovis vanlige bekkeløp. Dette er for å sikre at massene ikke overtopper elveløpet og tar nye veier ned mot bebyggelsen på Skjerpi.*



Figur 3. Oversiktskart av ledevoll langs Hallinggrovi og med profilering langs senterlinje elveløp.

*Ledevollen går fra ca. kote 346 og til ca. kote 290 og ha en lengde på ca. 116 m. Terrenghelningen i området er mellom 26-35o, brattest i vollens øvre ende.*


*Vollen skal som prinsipp ha effektiv høyde på 5 m over bunn nytt bekkeløp. Støtsiden av vollen skal bygges som solid og stabil tørrmur med helling 2:1 (vertikal:horisontal).*



Vollkronen skal være 3 meter bred og helning bakside skal være ca. 1:2 til naturlig terreng. Helning bakside vil kunne måtte justeres basert på kvalitet av masser.

Etter synfaring i området har den opphavlege planen for voll blitt justert, og i staden for ein stabla tørrmur, vil den leggest opp som ei slakare ordna røys:

Utførelse av voll, der ein kan legge opp ei "ordna røys"/plastring med slak skråning 1:1,5 med bruk av stor stein som ein truleg finn i elveløpet. - dette vert truleg enklare å få til i felt, utan omfattande sortering av stein dersom den skal leggest opp som ein mur. Denne løysinga er og truleg meir tilpassa eit røft landskap og gjev ikkje inntrykk av det står ein synleg "mur" oppe i landskapet. Nyttar stedleg stein og legg opp 1 m med relativt bratt profil, deretter ordna røys/plastring mot elveløpet for å hindre utvasking ved flaum.




Figur 7. Prinsippkisse oppbygging ledevoll.

Ledevoll og kanal til og med bunn av bekk skal plastres med grov blokk for å hindre erosjon. Grov blokk tas fra massene lokalt i løpet.

Avslutning av kanal mot terreng nedstrøms ledevoll bør være med minimum fortsettende samme gradient som kanal og jevnest mulig for å ivareta bekkens løp. For å oppnå dette kan det være nødvendig å flytte masse fra elveløpet til østlig bredde av løpet. Dette vurderes og utføres av entreprenør.

Arbeidet med flaumsikringa vil bli utført med gravemaskin. Denne vil følgje same tilkomstveg som vart brukt under arbeidet med mellombels flaumsikring tidlegare i år (figur 4). Det vil bli brukt helikopter for å frakte opp drivstoff til gravemaskina. Dette vil det bli søkt om i eigen søknad. Aurland kommune estimerer at arbeidet vil ta ca. 3 månadar.



Figur 4: Tilkomstrase for arbeidet.

## Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbretutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk



og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter»

Området er verna mot «...sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...» jf. § 3 pkt. 1.1. a). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «ras- og flaumsikring av busetnad og innmark».

Det er forbod mot motorferdsel på land og i vatn/vassdrag. Dette tiltaket fell ikkje inn under dei spesielle dispensasjonsreglane, og må derfor handsamast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Å få Hallinggrovi tilbake i sitt opphavlege løp er viktig for å hindre flaum og skade på busetnad og innmark på Skjerpi. Flaumsikring er noko verneforskrifta opnar opp for at ein kan gje løyve til, men bruk av gravemaskin til dette formålet må handsamast etter naturmangfaldlova § 48.

Det er ikkje registrert nokon trua artar eller naturtypar i området (Naturbase 24.08.2021), og tiltaket er ikkje forventa å føre til skade på naturmangfaldet i verneområdet. Nærøydalselva er eit nasjonalt laksevassdrag rett utanfor verneområdet, nedstraums Hallinggrovi. Ein bør forsøke å unngå at større mengder lausmasse blir frakta ned i Nærøydalselva. Etersom det meste av arbeidet vil føregå nesten ein kilometer oppstraums frå Nærøydalselva, og det er lite finmasse i Hallinggrovi, er ikkje dette venta å vere eit stort problem. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Hallinggrovi ligg i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøfjorden. Dei aktive geologiske prosessane i området er ein viktig del av innskrivingsgrunnlaget. Flaum er ein viktig, naturleg prosess i forming av landskapet, og det er naturleg at elver nokon gongar skiftar løp. Dette er geologiske prosessar som i verdsarvområdet bør få vere så naturlege som mogleg. Når flaum kan føre til store skade på bygningar og innmark må derimot desse omsyna også vektleggjast.

Ein 5 meter høg og opp til 120 meter lang voll er eit stort inngrep i landskapet. Plasseringa av vollen opp mot Hallinggjelet og utforminga av vollen som ei ordna røys, gjere derimot til at den vil vere lite synleg. Terrenget rundt vollen består av grov, bratt ur, og det er ingen som ferdast i området. Ein vil kunne sjå vollen frå E16 ved Skjerpi, men sannsynlegvis vil ein måtte vite at den er der for å legge merke til den, i alle fall etter at det har gått nokon år.



Å få Hallinggrovi tilbake i sitt opphavlege løp blir av NGI vurdert som den beste måten å sikre busetnaden og innmark på Skjerpi. For å oppnå dette er voll og plastring av elveløpet naudsynt.

Ettersom det er store og tunge massar som skal flyttast på, er det naudsynt å bruke gravemaskin for å gjennomføre arbeidet. Det vart opparbeida ein enkel tilkomsttrase under arbeidet med mellombels flaumsikring i vår. Denne same traseen skal brukast under arbeidet med flaumsikringa som det no blir søkt om. For at det skal bli minst mogleg køyring opp og ned i terrenget, vil det bli brukt helikopter for å frakte opp drivstoff til gravemaskina. Arbeidsmetoden blir vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. naturmangfaldlova § 12.

Bruk av gravemaskin i elveløpet kan gje ein risiko for naturmiljøet ved eventuell lekkasje av drivstoff. Med tanke på det nasjonale laksevassdraget nedstrøms Hallinggrovi er dette spesielt viktig å unngå. Tiltakshavar skal bera kostnadane med å hindre skade på naturmiljøet medan arbeidet pågår, jf. naturmangfaldlova § 11.

Det er i dag lite inngrep, aktivitet og motorisert ferdsel i området der arbeidet skal utførast. I anleggsperioden vil den samla belastninga på naturmangfaldet her auke, men på sikt er ikkje tiltaket venta å auke den samla belastninga på økosystemet vesentleg, jf. nml. § 10. Det vil sannsynlegvis vere behov for vedlikehald av flaumsikringstiltaka etter nokre år, men om det ikkje vert bygd voll er det sannsynleg at det ville blitt behov for arbeid endå oftare for å sikre busetnaden på Skjerpi. Bygging av voll er mest sannsynleg det flaumsikringstiltaket som vil vere mest varig i dette området.

## **Konklusjon**

Flaumsikring av hus og innmark er eit viktig tiltak som verneforskrifta opnar for å gje løyve til. Den endringa av landskapet som bygging av ein stor voll inneberer meiner forvaltar bør vere akseptabel då vollen vil vere lite synleg i terrenget, og blir bygd for å sikre hus og innmark. Ulempene med at ein påverkar dei aktive geologiske prosessane blir delvis veid opp for ved at ein sikrar landbruket og dermed kulturlandskapet i Nærøydalen.

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og verneforskrifta, meiner forvaltar tiltaket med bygging av ledevoll ikkje er i strid med føremålet i verneforskrifta. Forvaltar meiner det kan gjevast dispensasjon frå verneforskrifta til tiltaka slik det kjem fram i innstillinga, med heimel i § 3, punkt 1.3 g).

Motorferdsel i samband med tiltaket er vurdert til ikkje å vera i strid med verneføremålet eller til skade på verneverdiane, og forvaltar meiner det kan gjevast dispensasjon til motorferdsel med heimel i naturmangfaldlova § 48, fyrste ledd og fyrste alternativ.



Arkivsaksnr: 2020/15428-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 31.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	48/21	07.06.2021
Nærøyfjorden verneområdestyre	57/21	31.08.2021

## Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - utsiktspunkt Sivlefossen - Voss herad

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår Voss herad sin søknad om utsiktspunkt Sivlefossen. Avslaget er gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Toppunktet på stien til Sivlefossen skal avsluttast med ei enkel treplattform med rekkverk tilsvarande plattforma lenger ned på stien.

### Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 07.06.2021

#### Handsaming i møte

Styret diskuterte saka. Fleire av styremedlemmane var positive til tiltaket, men etterlyste innsyn i alle dokument i saka. Det vart påpeika at planane for parkering og toalett burde vore avklart. Det vart også vist til at det ikkje har vore gjennomført fellesmøte mellom ulike aktørar, slik som Vestland fylkeskommune har bedt om i sin uttale til saka. Styret vart einige om å gjere vedtak om å utsetje saka til neste ordinære styremøte, 30.-31. august.

#### Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre utset handsaming av saka til neste ordinære styremøte. Til dette møtet skal søknadane frå Voss herad, og uttaler frå Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen ligge føre. Det skal ha vore gjennomført eit fellesmøte med grunneigarar, Statens vegvesen, Vestland fylkeskommune,



verneområdeforvaltninga og Voss herad. Eit av tema som skal drøftast er vidare planlegging av parkering og toalett.

## **Saksopplysningar**

Voss herad søkte i oktober i fjor om å bygge eit utsiktspunkt ved Sivlefossen, i form av ein «svevande» gitterkonstruksjon ut over fosserommet. Etter at forvaltar innstilte på avslag og påpeika fleire manglar ved søknaden, valte Voss herad å trekke søknaden dagen før styremøtet der saka skulle handsamast. Heradet har no sendt inn ein justert søknad til handsaming.

Voss kommune fekk i 2015 løyve til å bygge ein tursti opp til Sivlefossen. Denne er utforma med ei rekke tretrapper og eit utsiktspunkt i form av ein enkel treplattung med gjerde eit stykke nedanfor utsiktspunktet dei no søker om. Det omsøkte utsiktspunktet vil vere ein spektakulær avslutning på denne stien. Utsiktspunktet det er søkt om er ein gitterkonstruksjon i metall, med gitterrister av anten galvanisert stål eller glasfiberarmert umetta plast (GUP-rister). Totalt vil konstruksjonen ha ein lengde på drøyt 35 meter. På det breiaste vil den vere ca 13 meter brei.





Figur 1: Teikning av det omsøkte utsiktspunktet.



### **Dokument som bakgrunn for saka**

- Justert søknad om å få tilrettelegge eit utsiktspunkt til Sivlesfossen, datert 10.05.2021
- Saksframlegg til verneområdestyret til møte 1. desember 2020 (saka vart trekt før møtet)
- Søknad om utsiktspunkt frå Voss herad, sendt 8.10.2020
- Uttale frå Vestland fylkeskommune, datert 16.11.2020
- Søknad om tilrettelegging av sti og utsiktspunkt til Sivlefossen frå Voss kommune, datert 8.10.2015
- Løyve til å tilretteleggja ny sti til Sivlefossen og utsiktspunkt ved Sivlefossen, frå Nærøfjorden verneområdestyre, datert 4.12.2015

### **Søknaden blir vurdert etter:**

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 – 2008

### **Bakgrunnen for innstilling på avslag på førre søknad:**

I saksframlegget til førre søknad vart det av forvaltar mellom anna påpeika fylgjande manglar:

- Søknaden frå Voss herad gir ei detaljert skildring av den tekniske utforminga av det planlagde utsiktspunktet, men vurderer ikkje eventuelle naturkonsekvensar, korleis utsiktspunktet passar inn i landskapet og det heilskaplege kulturmiljøet.
- Det er ikkje lagt fram noko som viser kva som er målet med prosjektet, om det er forventa ei større mengde besøk i området, eventuelle konsekvensar av dette, og korleis det i så fall er tenkt handtert. Infrastruktur som parkering, toalett og boshandtering er ikkje nemnt. Før ein vurderer å bygge ein attraksjon som kan trekke endå meir folk til Stalheimskleiva bør ein ha infrastruktur på plass.
- Utsiktspunktet som er planlagt vil bryte med det gamle kulturlandskapet i området og vil kunne endre landskapet sin art og karakter. Utsiktspunktet er eit mykje større inngrep i natur- og kulturlandskapet enn det Voss kommune i 2015 fekk løyve til i forbindelse med turstien. Då vart det vurdert at «Dei planlagde utsiktspunkta med sikringsgjerde vil vere synleg, men ikkje dominerande i landskapet». Det utsiktspunktet som no er planlagt vil bli meir synleg og dominerande i landskapet, både fordi det er større og meir spektakulært, har ein meir moderne utforming, og fordi området no er meir opent.



- Det manglar skisser som viser kor synleg utsiktspunktet vil vere i landskapet, t.d. sett frå dalbotnen eller frå vegen opp Stalheimskleiva.
- Det manglar ein heilskapleg plan for området, der også fordelar og ulemper ved dette utsiktspunktet er vurdert. Ein bør sjå på heilheita og korleis ein skal skjøtte området rundt Stalheimskleiva for å ta vare på kulturmiljøet og samtidig legge til rette for turisme og oppleving av området.
- Det manglar informasjon om korleis anleggsarbeidet vil bli gjennomført.
- Sidan det er nesten 20 år sidan området vart kartlagt bør det gjennomførast ny naturkartlegging av området før det eventuelt blir gitt løyve til tiltak.

I tillegg hadde Vestland fylkeskommune følgjande innvending:

«Dersom tiltakshavar vel å gå vidare med prosjektet må det etter vår vurdering gjennomførast betre utgreiingar knytt til fylgjande tema:

- Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV. Her må ein vurdere om tiltaket er av ein slik storleiksorden at dette bør gjennomførast som ein KUVA (Konsekvens Utredning for VerdsArv),
- Tilhøvet til området i Stalheimskleiva som kulturmiljø.
- Tilhøvet til Stalheimskleiva som freda kulturminne.
- Tilhøvet til krav om tilgjengelegheit og behov for funksjonar som toalett og parkering.
- Det bør også utgreiast om det er mogleg å tilrettelegge for utsiktspunkt utan å gjere store inngrep i kulturlandskapet. Her kan ein sjå på moglegheita for å utvikle området som ein attraksjon på bakgrunn av naturen og kulturminna som er der i dag, og dei verdiane som desse representerer.»

Forvaltar konkluderte då med følgjande:

«Forvaltar ber verneområdestyret om å avslå saka sånn den ligg føre i dag. Verneområdestyret kan eventuelt be Voss herad koma med ein ny søknad etter at Vegvesenet har avgjort kva aksestrykk det kan vera på køyretøy i Stalheimskleiva. Ein eventuell ny søknad må innehalde ein plan for området og ei heilskapleg vurdering av korleis utsiktspunktet vil passe inn i natur- og kulturlandskapet i Stalheimskleiva. Det må skildrast korleis ein tenker å løyse infrastrukturen rundt utsiktspunktet og korleis det vil påverka verneverdiane. Kommunen bør oppfordrast til å tenke på utforminga av utsiktspunktet og finne ei løysing som passar betre inn i landskapet i Stalheimskleiva.»

### **Ny informasjon som framkjem i justert søknad**

I den nye søknaden har Voss herad svart på ein del av manglane ved den førre søknaden.

#### Tilhøvet til verdsarvområdet sin OUV

Voss herad konkluderer med at tiltaket ikkje vil ha nokon påverknad på kriterie (i) og i høve til kriterie (III) vil ei tilrettelegging som planlagt gje moglegheit for ei betre og tryggare oppleving av eit av dei mange fossefalla i verdsarvområdet.




### Fossesprøytsona

I høve fossesprøytsona vurderer dei at det ikkje er nokon grunn til å anta at sjølve utsiktspunktet eller bygginga av det vil føre til skade på denne, då det er snakk om eit lite areal heilt i utkanten av sona. Dei viser og til at det ikkje er påvist skjeldne eller raudlista artar i denne fossesprøytsona. Dei har ikkje gjort nye undersøkingar.

### Landskapstilpassing

Fargen på utsiktspunktet er endra frå rustraudt til gråsvart for å gli betre inn i landskapet. Det er lagt ved nye teikningar som viser korleis utsiktspunktet vil sjå ut. Desse viser at ein vil kunne sjå utkikkspunktet frå gangvegen og i sjølve nærområdet. Ein vil kunne sjå det frå eit parti av E6, men her vil utkikkspunktet vere lite synleg.



Figur 2: Utsiktspunktet i landskapsrommet.



Figur 3: Utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16.



Figur 4: Innzoma bilde frå E16 (tatt frå same stad som figur 3)



### Trafikkavvikling

Voss herad har vore på befaring med Statens vegvesen for å sjå på trafikkavvikling i kleiva. Voss herad skriv at tilkomsten er planlagt frå parkeringsplassen i botnen av kleiva. Samtidig skriv Statens vegvesen i sin uttale at parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva må vurderast nærare i høve rasfare. Når den nye tunnelen E16 Sleen - Hylland står klar skriv dei at det vil kunne opna seg ny moglegheiter ved at ein evt. kan ta i bruk deler av den gamle riksvegtraseen til parkering. Voss herad skriv at bygginga høgst sannsynleg vil medføre auka besøk, men tilrettelegging av toalett vil dei først vurdere seinare dersom trafikkmengda skulle tilsei dette.

### Tilkomstveg for bygging av utsiktspunktet

Statens vegvesen har gitt klarsignal til å bruke øvre del av Stalheimskleiva til å køyre ned utsiktspunktet i delar. Det er ikkje planlagt bruk av helikopter ved bygging av utsiktspunktet. Terrenget mellom Stalheimskleiva og sjølv utkikkspunktet er relativt flatt, så det er ev. kun mindre og reversible tiltak som skal til for å få ein tenleg tilkomst. Voss herad skriv at det her er laga ein trase i samband med avvirking av granskogen i området (hausten 2020). Her vil forvaltar påpeike at denne traseen er ikkje laga i høve avvirking av granskog, men av Voss herad sjølv i høve undersøking av området for det nye utkikkspunktet. Ev. særskadar i terrenget etter anleggsarbeidet vil bli lukka/tilbakeført når anleggsarbeidet er ferdig.

### Kulturminne

Voss herad viser til at bygginga ikkje vil komme i direkte konflikt med freda kulturminne.

## **Lovgrunnlaget**

Formålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter, jf. §2 punkt 1.1. Dette gjeld til dømes: a) ... bygging av vegar, oppføring av anlegg og faste innretningar, ... sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, ... Opplistinga er ikkje uttømmande.

1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som vert tillagt mynde, kan gi løyve til:

- b) Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn. Utforming av nybygg skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk.
- f) Oppsetting av nye gjerde, oppmerking og varding av nye fotruter og nybygging av bruer og klopper.

Eit slikt utsiktspunkt som det er søkt om her er meir enn ei ny fotrute eller bru, og må definerast som eit nybygg. Ettersom det ikkje er i samband med landbruk, turlagsverksemd eller oppsyn, må søknaden vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke



strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Begge vilkåra i § 48 må vera oppfylt, både at det ikkje skal vera i strid med verneføremålet, og ikkje vera til nemneverdig skade på naturverdiane.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Den justerte søknaden svarar godt på ein del manglande utgreiingar og vurderingar i den opphavlege søknaden. Mellom anna er det med gode skisser som viser kor synleg utkikkspunktet vil bli i terrenget, og det er eit godt grep som er gjort med å endre farge på utkikkspunktet for at det skal vere mindre synleg. Den nye søknaden gir eit betre inntrykk av kor dominerande inngrepet vil bli i landskapet. Det er positivt at Voss herad har avklart med vegvesenet at anleggsperioden kan gjennomførast ved å frakte utkikkspunktet ned vegen i Stalheimskleiva, og at dei har ein god dialog for å sikre at dette ikkje fører til skade på kulturminnet.

Det er også positivt at det no er skrevet litt meir om tiltakets moglege påverknadar på natur, landskap og verdsarvkvitetar. Det blir derimot ikkje lagt fram ny kunnskap eller studie på dette feltet, og inngrepet det blir søkt om er det same (bortsett frå endra farge).

Som Voss herad skriv i søknaden er dette eit område som i besøksstrategien er valt ut som eit område som kan tilretteleggast for besøk, og det er ikkje tvil om at det isolert sett kan vere ei storslagen oppleving å stå ute på ei metallrist og oppleve Sivlefossen på nært hald. Spørsmålet er om eit slikt moderne utsiktspunkt i eit gammalt kulturlandskap samtidig er med på å øydelegge den totale oppleving av området med alle dei historiske kvalitetane som er her. Eit slikt utsiktspunkt er det mogleg å bygge mange plassar. Spørsmålet er om det er riktig å gjere det akkurat her, i eit landskapsvernområde som er verna for å ta vare på naturen og det gamle kulturlandskapet. I tillegg til den nyaste av vegane, frå midten av 1800-talet, som vi kjenner som Stalheimskleiva, er det spor etter to eldre vegar som kvar har fylgt ein litt anna trase i kleiva, ein frå 1600-talet og ein frå 1700-talet. Langs kleiva finn du også murane etter ein paviljong. Bygget er seinare flytta ned til kaien i Gudvangen. I tillegg er det restar etter ei smie, murar etter minst to uteløer, og fleire krigsminne frå 2. verdskrig. Med unntak av turstien er det ingen moderne inngrep her i dag, og området framstår som eit heilskapleg natur- og kulturmiljø. Stalheimskleiva er godt kjent blant besøkande til området, og naturen med dei gamle kulturminna er eit trekkplaster i seg sjølv. I forvaltningsplan for Nærøfjorden er tilrettelegging for enkelt friluftsliv vektlagt, og kopling mellom friluftsliv og turisme er trekt fram som positivt, men tilrettelegging bør ikkje føre til store naturinngrep. Det meste av større tilrettelegging skal i utgangspunktet ligge utanfor verneområde.

Dette er eit tiltak som må vurderast etter nml. § 48. I fylgje Miljødirektoratet sin rettleiar «Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter» skal denne bestemmelsen vere «en sikkerhetsventil for tiltak som ikke kunne forutses eller spesielle/særskilte tilfeller som ikke ble vurdert på vernetidspunktet.» § 48 skal ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Det er meininga at nml § 48 berre skal brukast som dispensasjonsgrunnlag i unntakstilfelle, og berre dersom strenge vilkår er oppfylt.



Når ein vurderer eit tiltak etter § 48, må ein først vurdere om tiltaket strider mot vernevedtakets formål og om det kan påverke verneverdiane nemneverdig. Viss vilkåra er oppfylt skal det gjerast ei konkret, skjønsmessig vurdering av om det skal gjevast løyve til tiltaket. I rettleiaren står det at «Generelt vil det ikke være adgang til å dispensere for tiltak og bruk som forutsetter større tekniske inngrep, for eksempel ny kraftutbygging, eller oppføring av private fritidshytter.»

Formålet med vernet av Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell, der kulturminne utgjør ein vesentleg del av landskapets karakter. Det det blir søkt om her er eit større teknisk inngrep i ein del av landskapsvernområdet som i dag framstår som eit intakt natur- og kulturlandskap med mange gamle kulturminne. Sjølv om inngrepet i følgje skissene knapt vil vere synleg frå E16, vil det vere godt synleg frå fleire stadar i Stalheimskleiva og elles i nærområdet. Sjølv med endra farge som gjere utsiktsplattforma mindre dominerande i landskapet er det her snakk om eit utsiktspunkt i ein veldig moderne stil, i eit gammalt kulturlandskap som er verna og viktig å ta vare på. Eit slikt stort og moderne utsiktspunkt vil vere eit framandelement i kulturlandskapet. Tiltaket vil kunne påverka landskapet sin art og karakter negativt og endre det gamle kulturmiljøet i Stalheimskleiva. Forvaltar vurderer at tiltaket vil kunne ha ein negativ påverknad på verneverdiane i landskapsvernområdet, og meiner difor vilkåra for å kunne gje løyve til tiltaket etter § 48 i naturmangfaldlova ikkje er oppfylt.

I følgje kjent kunnskap om naturmangfaldet i området er det lite truleg at inngrepet vil føre til direkte skade på naturmangfald eller økosystem, jf. nml. § 8, og føre-var prinsippet (jf. nml. § 9) vert difor ikkje vektlagt. Den nye søknaden manglar framleis ein heilskapleg plan med tanke på å sjå utsiktspunktet i samheng med utvikling av Stalheimskleiva som eit viktig kulturminne og besøksmål, og infrastrukturen rundt dette. Som Statens vegvesen skriv i sin uttale, må parkeringsplassen som til no har vore nytta ved foten av kleiva vurderast nærare i høve rasfare. Likevel legg Voss herad opp til at det er denne parkeringsplassen som skal nyttast. Voss herad ynskjer heller ikkje å ta stilling til bygging av toalett no, sjølv om dei skriv at det er forventa at eit slikt utsiktspunkt vil trekke fleire besøkande til området. For å kunne vurdere den samla belastninga av eit tiltak, jf. nml § 10, burde planane for infrastruktur blitt lagt fram saman med søknaden om utsiktspunkt. Ny infrastruktur vil også påverke landskap og natur. Vegvesenet har no bestemt at Stalheimskleiva blir stengt for biltrafikk på grunn av store skadar på vegmurane. Dette endrar situasjonen totalt, og medfører mellom anna større trong for parkering og toalett i tilknytning til kleiva, ettersom fleire besøkande vil bruke lenger tid her, og ikkje lenger berre køyre ned kleiva. I dette tilfellet blir det vanskeleg å vurdere den samla belastninga av tiltaket.

I vurderinga av den samla belastninga er det også viktig å vurdere presedensverknaden dette tiltaket vil kunne ha for tilsvarande saker som gjeld bygging av turistattraksjonar inne i verneområdet. Dersom det blir gitt løyve til dette tiltaket, vil det kunne komme fleire søknadar om større tilrettelegging for turisme i verneområdet. Dette vil kunne vere negativt for verneverdiane.

## **Konklusjon**

Sjølv med justert farge og teikningar som viser at utsiktspunktet vil vere lite synleg frå E16, er det ikkje til å komme utanom at det omsøkte utsiktspunktet er eit stort inngrep i landskapet, som vil vere godt synleg frå nærområdet, og som vil kunne påverke kulturlandskapet sin art





og karakter negativt. Framleis er det store manglar ved søknaden som gjere det vanskeleg å vurdere den samla belastninga av tiltaket, men forvaltar meiner likevel at vi har nok kunnskap til å vurdere at dette inngrepet er for stort til at det kan gjerast unntak for det etter nml. § 48.

Verneområdeforvaltar ynskjer framleis å utfordre Voss herad til å tenke gjennom korleis ein kan utvikle Stalheimskleiva på bakgrunn av natur- og kulturverdiane som er der, utan store nye inngrep. I første omgang er det viktig å ferdigstille og sikre turstien. Det kan byggast eit toppunkt i form av ei enkel treplattform med rekkverk tilsvarande plattformen lenger nede på stien.